



**Innkomne saker til årsmøtet til Hafslo IL mandag 27.februar 2023, med styret sitt framlegg til vedtak:**

## **Sak 11 a: K45 – driftsavtale med Sogn Skisenter - innmeldt av Hoppgruppa 12.01.2023**

### **Saksutgreiing:**

**Notat med vedlegg frå Hoppgruppa 12.01.2023 vart diskutert på utvida styremøte 26.01.2023. Framlegget vart drøfta på styremøte 14.02.2023.**

### **Kort oppsummering av framlegget:**

På årsmøtet 17.03.2022 vedtok Hafslo IL følgjande:

*«Hafslo IL støttar innsending av spelemiddelsøknad for hoppanlegg K45 hausten 2022, og oppmodar Sogn Skisenter AS om å overta som søkjar/anleggseigar. Hafslo IL kan bidra med inntil kr.100.000,- til anlegget under føresetnad av tilsvarande økonomisk støtte frå IL Bjørn. Det er også ein føresetnad at både Sogn Skisenter AS og Luster Idrettsråd støttar innsending av spelemiddelsøknad for anlegget i tråd med framlegget frå Hoppgruppa i Hafslo IL.»*

Sogn Skisenter vedtok følgjande på styremøte 07.12.2022:

*«Saka vert sett opp som sak igjen på neste styremøte. Der forslaget er at Sogn skisenter kan stå som byggherre under føresetnad at drift og utbygging sikrast gjennom ein forsvarleg avtale med Hafslo idrettslag knytt til hoppanlegget heile året. Det må difor snarast rettast spørsmål til Hafslo idrettslag om kva avtale dei kan stille knytt til drift og utbygging.»*

På grunnlag av dette er det kome framlegg til årsmøtet i Hafslo IL om avtale til drift- og vedlikehald for K45 som føresetnad for at Sogn Skisenter kan stå som søkjar av spelemidlar for anlegget.

Det er utarbeidd framlegg til budsjett som stipulerer årlege driftskostnader og driftsinntekter for Hafslo IL. Driftskostnader er stipulert til kr. 150 000 per år. Driftsinntekter er stipulert til kr.130 000 per år. Dvs eit driftsunderskot på kr. 20 000. I inntektsgrunnlaget er det mellom anna lagt inn diverse leigeinntekter (kr.30 000), sponsorinntekt (kr.25 000) og kommunalt tilskot (kr. 75 000).

### Styret si vurdering av framlegget:

I den kommunale [handlingsplanen for anlegg for 2020-2023](#) ligg hoppbakke K45 inne som prioritert anlegg med spelemiddelløyving i 2023. På årsmøtet 17.03.2022 var Hafslo IL positive til at Sogn Skisenter AS overtok som søker/anleggseigar, med støtte og driftsavtale med Hafslo IL og IL Bjørn tilsvarande som for allereie innsendt spelemiddelsøknad for sprintløype med tilhøyrande snøproduksjonsanlegg.

Styret i Hafslo IL er framleis positive til at det vert etablert hoppbakke K45 ved Sogn Skisenter. Samstundes meiner vi at det er usikre moment knytt til både kostnader med bygging av anlegget og faktiske driftskostnader. Vi er også usikre på i kva grad Sogn Skisenter har kapasitet og ønskje om å sende inn spelemiddelsøknad for eit slikt anlegg i nær framtid ut i frå dei opplysningane som ligg føre. Styret viser også til at det nyleg er etablert rekrutteringsbakkar for K10 og K19 ved Sogn Skisenter, og vi trur det er fornuftig å avvente oppstart med K45 til desse bakkane er ferdigstilt og følgje med på rekrutteringa.

Styret si vurdering er at vi støttar vidare arbeid med dette anlegget, men at det ikkje vert teke forhasta avgjerder om bygging av K45 før alle forhold knytt til kostnader, Sogn Skisenter si vilje til å stå som søker og faktisk behov er nærare avklart. Dette er ei stor økonomisk investering for både Hafslo IL og Sogn Skisenter over lengre tid og styret meiner derfor det er fornuftig å avvente inngåing av driftsavtale. Vi meiner også at det bør avklarast om dette er eit anlegg som det er ønskje om å prioritere høgt i «*Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036*».

### Styret si innstilling til vedtak på årsmøtet 27.februar 2023:

**Hafslo IL tilrår at denne saka vert utsett til det ligg føre meir konkrete opplysningar om kostnader, Sogn Skisenter si vilje til å stå som søker og faktisk behov for K45 er nærare avklart. Styret får fullmakt til å drøfte saka vidare med Sogn Skisenter for klargjering og ta saka opp til ny handsaming på neste ordinære årsmøte, eventuelt på ekstraordinært årsmøte før det.**

## **Sak 11 b: Anleggsplan Hafslo IL 2023 - 2027**

### Saksutgreiing:

Proessen med å utarbeide ny anleggsplan for Hafslo IL 2023-2027 har vore leia av styret i idrettslaget. Ny anleggsplan har vore drøfta i utvida styre med alle særgrupper representert, og vi har invitert til innspel frå medlemene gjennom innlegg på heimesida og Facebook-sida vår. Det er kome inn totalt fire innspel i denne prosessen. Styret har oppdatert innhaldet i anleggsplanen, gått igjennom innkomne innspel, og har på grunnlag av dette utarbeidd framlegg til ny anleggsplan for Hafslo IL 2023-2027 til årsmøtet 27.februar 2023.

Årsmøtet må ta stilling til prioritering og vidare arbeid med anlegg i neste planperiode. Anleggsplanen vert grunnlag for handsaming i Luster idrettsråd før handsaming i kommunestyret av «*Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036*» med frist for innspel 1.mai 2023.

Sjølve anleggsplanen er tredelt. Den første delen gir ein statusrapport over tilstanden til dei ferdigstilte anlegga våre, vedlikehaldsbehovet i planperioden og kven som har ansvaret for dette. Planen gir ikkje nokon rangering av vedlikehaldsbehova, men planen føreset at dette vert bestemt gjennom det ordinære styrearbeidet og etter kva ressursar som er tilgjengelege i løpet av planperioden. Del to gir ei oversikt over anlegg som det ligg føre godkjende spelemiddelsøknader for. Del tre gir ei oversikt over anlegg Hafslo IL ønskjer vert prioritert i kommuneplanen for 2024-2036, samt kven som har ansvaret for vidare arbeid med anlegga i tråd med idrettslaget sine prioriteringar som vert bestemt på årsmøtet 27.02.2023.

Under del 2 «Anlegg under arbeid» vurderer styret at det er anlegga det er sendt inn og godkjende spelemiddelsøknader for som skal omfattast. Dette gjeld følgjande anlegg:

- Lysanlegg Hafslo stadion – Moane
- Hopp K10, K19 med lysanlegg og skitau ved Sogn Skisenter
- Sprint- og rulleskiløype, inkludert lysanlegg ved Sogn Skisenter

Då desse anlegga enno ikkje er ferdig realisert, må anlegga prioriterast på nytt i ny anleggsplan. Styret tilrår derfor at desse anlegga skal prioriterast vidare fram til dei er ferdigstilt i neste planperiode.

Hoppgruppa har spelt inn at hoppbakke K45 skal vere med under del 2 «Anlegg under arbeid». Sjølv om dette anlegget har vore med i kommunal handlingsplan 2020-2023 med spelemiddelløyving i 2023, er det framleis ikkje sendt inn spelemiddelsøknad for anlegget. Styret vurderer derfor at dette anlegget skal vurderast under del 3 «Planlagde anlegg», og så må årsmøtet ta stilling til korleis dette anlegget skal prioriterast vidare i neste periode i anleggsplanen.

Nedanfor følgjer ei vurdering av planlagde anlegg og framlegg til nye anlegg i anleggsplanen for 2023-2027.

### **Hoppbakke K45, Sogn skisenter (Heggmyrane)**

Årsmøtet 07.02.2019 vedtok hoppbakke K45 som prioritet nr 3 i anleggsplan 2019-2022. Anlegget vart omtalt slik i den vedtekne anleggsplanen (saman med K70):

*«Først når desse bakkane vert realisert, vil noverande hoppanlegg i Kvam verte fullt ut erstatta og Sogn Skisenter kan få status som regionanlegg for nordiske greiner. Vidare utbygging av hoppanlegget utover nærmiljøanlegget, vil konkurrera om både kapasitet og prioritering av andre anlegg som er under planlegging på skisenteret. For å realisere liten hoppbakke (K40-45), må truleg idrettslaget stå som byggherre i samarbeid med Sogn Skisenter. Eit K45 anlegg i hopp vil ha ei kostnadsramme på rundt 3 millionar kr + mva. Mellomstor hoppbakke for gute- og jentehopparar (K65-70), er det heller ikkje avsett tilstrekkeleg areal for i gjeldande reguleringsplan. For å få tilgang til tilstrekkeleg areal for mellomstor hoppbakke (K65-70) er det behov for mindre utviding på LNF-område gjennom reguleringsendring. Ut i frå samla ressursbruk, uavklarte forhold kring det å stå som anleggseigar og uavklarte forhold kring tilgang til naudsynt areal, gjer at Hafslo IL ikkje går inn for ei høg prioritering av å få realisert hoppbakkar på K45 og K65-70 i løpet av den neste planperioden.»*

Hoppbakken K45 kom likevel inn i kommunal handlingsplan 2020-2023 med spelemiddelløyving i 2023. Opprinneleg stod Hafslo IL som søkjar og eigar av anlegget.

Årsmøtet for Hafslo IL 2022 gjorde følgjande vedtak 17.03.2022:

*«Hafslo IL støttar innsending av spelemiddelsøknad for hoppanlegg K45 hausten 2022, og oppmodar Sogn Skisenter AS om å overta som søkjar/anleggseigar. Hafslo IL kan bidra med inntil kr.100.000,- til anlegget under føresetnad av tilsvarande økonomisk støtte frå IL Bjørn. Det er også ein føresetnad at både Sogn Skisenter AS og Luster Idrettsråd støttar innsending av spelemiddelsøknad for anlegget i tråd med framlegget frå Hoppgruppa i Hafslo IL.»*

Planlagt spelemiddelsøknad hausten 2022 måtte utsetjast fordi det mangla godkjent driftsavtale mellom Hafslo Idrettslag og Sogn Skisenter. Søknaden for skitauet må fornyast som fasilitet til K45-bakken. Sogn Skisenter treng utviding av snøproduksjonsanlegget, spesielt skaffe meir vatn (bygging av meir vassmagasin), og kan søkja om spelemiddelløyving for dette med fasilitet til hoppanlegget.

Det har vore motstand frå grunneigarar på bygging av hoppanlegg på areal regulert til føremålet (på Nygardstre). På denne bakgrunn bad Luster kommune Hafslo idrettslag om ein rapport som forklarte eigna lokalisering for alternative plasseringar av hoppanlegg i Sogn Skisenter og vurdering av konsekvensar for andre anlegg og anna utbygging ved skisenteret.

Skiforbundet leverte rapport datert 17.12.21 og konkluderte med:

- Beste plassering av hoppanlegget er i same regulert område BSA6 i gjeldande reguleringsplan (på Nygardstre)
- Den avgjerande tilrådinga er sportslege og miljømessige forhold og at hoppbakke K45 (også eventuell framtidig K70) let seg innplassere ved området BSA6 utan å avskjera nødvendig areal til alpin nedfart som er innregulert i same område.

#### Status og styret si vurdering per februar 2023:

Trass i at K45 kom inn i kommunal handlingsplan 2020-2023 med spelemiddelløyving i 2023, er det framleis ikkje sendt inn spelemiddelsøknad for anlegget. Årsaka skuldast mellom anna behov for naudsynte avklaringar i arealet som er regulert til føremålet ved Sogn Skisenter (Nygardstre), endra føresetnader knytt til kven som skal stå som anleggseigar, samt at Sogn Skisenter ikkje ønskjer å ta stilling til å overta ansvaret som anleggseigar utan at det ligg føre driftsavtale med Hafslo IL.

Det er sendt inn eiga sak om driftsavtale mellom Hafslo IL og Sogn Skisenter til årsmøtet i Hafslo IL 27.02.2023. Denne saka må årsmøtet ta stilling til før godkjenning av anleggsplanen. Utfallet av den saka vil vere avgjerande for korleis dette anlegget skal prioriterast vidare i neste periode i den kommunale handlingsplanen.

Styret er positive til vidare utvikling av hoppanlegg ved Sogn Skisenter. Samstundes vurderer vi at det framleis er mange usikre forhold knytt til både kostnader, Sogn Skisenter si vilje til å prioritere dette anlegget og behovet. No har vi fått på plass rekrutteringsbakkar K10 og K19 sentralt ved Sogn Skisenter, og då er det fornuftig å avvente innsending av

spelemiddelsøknad til både kostnader, prioritering og behov er betre utgreia. Dette er ei stor økonomisk investering for både Hafslo IL og Sogn Skisenter over lengre tid.

Styret i Hafslo IL tilrår at anlegget vert med vidare i neste planperiode, og at anlegget vert prioritert realisert så snart alle uavklarte forhold knytt til kostnader, Sogn Skisenter si vilje til å prioritere dette anlegget og behovet er betre utgreia.

### **Fleirbrukshall Hafslo**

Det vart frå fotballgruppa si side ytra ynskje om at Hafslo IL skal arbeide for å realisere ein fleirbrukshall på Hafslo i 2019. Dei siste åra har det vore gjennomført ein prosess med områderegulering for Hafslo sentrum, der Hafslo IL har spelt inn ønskje og behov for ein fleirbrukshall i prosessen. På årsmøtet 17.03.2022 vart det vedteke ei nemnd for fleirbrukshall, og nemnda har hatt møte med kommunen og Hafslo IL har engasjert seg i prosjektet. Dette er eit stort prosjekt, der ein er avhengig av kommunal støtte og politisk arbeid. Eit slikt prosjekt er for stort til at Hafslo IL kan vera anleggseigar, men idrettslaget kan bidra med utgifter til drift og vedlikehald når det er realisert.

#### Status og styret si vurdering per februar 2023:

På grunnlag av arbeidet som allereie er gjort, innspel frå medlemene og innmeldt behov, tilrår styret at dette vert Hafslo IL sitt høgast prioriterte anlegg i neste planperiode utover anlegga som det allereie er sendt inn spelemiddelsøknad for. Og at Hafslo IL jobbar aktivt mot kommunen i prosessen med områdereguleringsplan for Hafslo sentrum for å få anlegget høgt prioritert i neste planperiode.

### **Rehabilitering/utviding av klubbhus Moane**

Dette er eit nytt innspel til anleggsplanen for Hafslo IL. Klubbhuset i Moane vart bygd i 1984, og det er på tide med ei større oppgradering og utviding av klubbhuset. Innspelet er kome både frå fotballgruppa og andre som nyttar klubbhuset. Det er utvilsamt behov for ei rehabilitering og ikkje minst utviding, slik at klubbhuset vert universelt utforma og kan nyttast til større sosiale samankomstar og evt utleige til eksterne. Ved utviding, bør det også etablerast nytt garderobeanlegg.

#### Status og styret si vurdering per februar 2023:

Det ligg ikkje føre konkrete kostnadsoverslag til framlegget på grunn av kort frist for innspel til årsmøtet 2023, då dette vil vere avhengig av ei større kartlegging. Styret meiner likevel at dette er eit anlegg som bør prioriterast høgt. Anlegget i Moane har svært stor aktivitet, og vert nytta til fleire større arrangement. Rehabilitering og utviding av klubbhus (evt. nytt klubbhus) bør derfor prioriterast høgt i neste planperiode. Om årsmøtet støttar dette, vil Hafslo IL prioritere å få utarbeidd meir konkrete planar, behov og kostnader for anlegget før innspelsfristen til «*Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036*» 1.mai 2023.

### **Oppgradering av hopp K10-K19 til heilårsanlegg**

Dette er eit nytt innspel til anleggsplanen frå Hoppgruppa. Rekrutteringsbakkane K10 og K19 er per i dag berre bygd for vinterbruk. For nye rekrutteringsbakker (opptil K45) så er hovudregelen at bakkane skal byggast for heilårsbruk, fordi det er avgjerande for framleis rekruttering til hoppporten. Utstyrsutvikling og klimatiske forhold medfører at rekruttering og trening blir lagt om sommaren, spesielt på Vestlandet som har skiftande vær- og

temperatur. Difor er rådet frå skiforbund og skikrins at hoppanlegget K10-K19 vert oppgradert til heilårsanlegg.

#### Status og styret si vurdering per februar 2023:

Det ligg ikkje føre konkrete kostnadsoverslag til framlegget på grunn av kort frist for innspel til årsmøtet 2023, då dette vil vere avhengig av ei større kartlegging. Styret meiner likevel at ei slik oppgradering framstår som fornuftig.

Om årsmøtet støttar prioritering av dette anlegget, vil Hafslø IL arbeide fram meir konkrete planar, behov og kostnader for anlegget før innspelsfristen til «*Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036*» 1.mai 2023.

#### **Anlegg for rekrutterande skiaktivitet (alpint og freeski) i Banktrekket ved Sogn Skisenter**

Dette er eit nytt innspel til anleggsplanen for Hafslø IL innspelt av alpint- og freeskigruppa.

Meir konkret går framlegget ut på følgjande:

Ønskje om at resterande areal i Banktrekket (rundt K10 og K19) kjem inn under anleggsplanen med følgjande tiltak: Nytte arealet til dagsaktuell og rekrutterande skiaktivitet gjennom eit parkanlegg tilpassa området, samt planere for generell alpinaktivitet for barn i ulike alder.

Heilt spesifikt vil dette i fyrste omgang handle om:

- Legge grov midt i trekket i rør, for å gjere det kjørbare området tryggare og større.
- Terrenjustering i form av rolege haugar i 3 område for å legge til rette for freeskiaktivitet.
- Planering av eksisterande område.
- Dimensjonere planlagd lysanlegg i hoppanlegget til og å omfatte resten av banktrekket.

#### Status og styret si vurdering per februar 2023:

Med tanke på rekrutteringa til alpint- og freeski dei siste åra, er dette eit anlegg som bør prioriterast høgt i ny anleggsplan. Så må vidare arbeid med prosjektering og kostnader gjennomførast i dialog med alpint- og freeskigruppa, og Sogn Skisenter framover. Mellom anna må det avklarast om dette er eit anlegg som Hafslø IL skal stå som eigar av, eller om vi skal oppmode Sogn Skisenter om å stå som anleggseigar med driftsavtale med Hafslø IL. Om årsmøtet støttar prioritering av dette anlegget, vil Hafslø IL arbeide fram meir konkrete planar, behov og kostnader for anlegget før innspelsfristen til «*Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036*» 1.mai 2023.

#### **K65-70 på Heggmyrane.**

Først når denne bakken vert realisert, vil nedlagt hoppanlegg i Kvam vere fullt ut erstatta og Sogn Skisenter kan få status som regionanlegg for nordiske greiner. Vidare utbygging av hoppanlegget utover nærmiljøanlegget (K10 og K19), vil konkurrera om både kapasitet og prioritering av andre anlegg som er under planlegging på skisenteret. Vi viser elles til tidlegare omtale av anlegget i [anleggsplan 2019-2022](#).

#### Status og styret si vurdering per februar 2023:

Ut i frå samla ressursbruk, uavklarte forhold kring det å stå som anleggseigar mm., gjer at Hafslø IL ikkje går inn for ei høg prioritering av å få realisert hoppbakkar K65-70 i løpet av

den neste planperioden. Vi viser elles til det som går fram av vurderinga av K45 ovanfor. Samstundes meiner vi at anlegget skal vere med vidare i anleggsplanen, slik at dette kan realiserast dersom tilhøva ligg til rette for det i framtida.

### **Kunstgrasanlegg på grusbana og kunstgras på 11'er bana i Moane**

#### Kunstgras på grusbana i Moane:

Dette anlegget inneber å legge ei brukt kunstgrasmatte oppå eksisterande grusbane i Moane. For å realisere dette må eksisterande lysanlegg på eine langsida flyttast nokre meter sørover og grusbana utvidast tilsvarande. Dette vil krevje omregulering frå landbruksføremål til idrettsføremål, dvs ny reguleringsplan med ny grunneigaravtale. I tillegg ligg eit sånt prosjekt utanfor spelemiddelordninga. Dette betyr at Hafslo IL vil måtte betale heile investeringa sjølv. Ikkje noko framtidig vedlikehald vil kunne vera kvalifisert for tilskot. Vidare vil ein også måtte omregulere, og opparbeide nytt areal til parkeringsføremål.

#### Kunstgras på 11'ar bana i Moane.

Dette vil krevje at løpebanene vert avvikla fordi bana må utvidast i breidda. Kostnadsramma vil truleg ligge på rundt 10 mill + mva. I saksutgreiinga bak den kommunale løyvinga til kunstgrasbana i Gaupne, er det understreka at den nye kunstgrasbana i Gaupne skal dekke fotballen sitt behov for kunstgrasbaner i heile kommunen. Dette er også hovudargumentet frå idrettsrådet for kvifor dette anlegget skulle prioriterast med kommunale løyvingar og spelemiddlar. Å få politisk aksept for nye store kunstgrasanlegg i Luster kommune kan derfor bli ein utfordring.

#### Status og styret si vurdering per februar 2023:

Det er kome innspel om at Hafslo IL bør satse på å behalde grasbana på Hafslo stadion i Moane. Vi trur dette er viktig, då det vert stadig færre grasbaner i regionen og det er fleire lag i regionen som har lånt bana vår for å kunne trene på gras.

Kunstgrasbane i Moane er også lite realistisk å få realisert per i dag. Men dette kan endre seg, og gode speleforhold for fotball er det behov for også i framtida. Styret i Hafslo IL rår til at ein vidarefører ønskje om kunstgrasbane i Moane i anleggsplanen med låg prioritering i neste periode. Så kan det vurderast ei høgare prioritering dersom dei faktiske føresetnadane og behovet skulle melde seg framover.

### **Friidrettsanlegg Hafslo stadion**

Det er behov for større vedlikehald av løpebana, lengdegropa og kastegropa på friidrettsanlegget. Vi har vurdert om det er grunnlag for ei rehabilitering av anlegget innanfor spelemiddelordninga. Slik status er i dag, vurderer vi at det ikkje grunnlag for ei rehabilitering, men at anlegget kan haldast i brukbar stand gjennom ein større vedlikehaldsinnsats.

#### Status og styret si vurdering per februar 2023:

Styret i Hafslo IL tilrår at ein tek dette anlegget ut av anleggsplanen, då det ikkje er realistisk å få innvilga spelemiddlar til eit nytt friidrettsanlegg i Moane i nær framtid. Samstundes bør vi prøve å vedlikehalde eksisterande anlegg ut i frå behov og tilgjengelege ressursar.

### **Styret si innstilling til vedtak på årsmøtet 27.februar 2023:**

Hafslo IL tilrår at ein vedtek framlegg til ny anleggsplan for Hafslo IL 2023-2027 slik denne vert lagt fram for årsmøtet 27.februar 2023. Dette inneber at anlegga under del 2 vert prioritert høgt vidare i neste planperiode, og at alle anlegga under del 3 med styret sine prioriteringar vert spelt inn til arbeidet med ny «*Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036*» innan fristen 1.mai 2023.

## **Sak 11 c: Organisasjonsplan Hafslo IL 2023 - 2026**

### **Saksutgreiing:**

På årsmøtet 17.03.2022 vart det vedteke følgjande:

*«Årsmøtet gir hovudstyret mandat til å gjere tilpassingar i gjeldande handlingsplan (organisasjonsplan) for 2022 i tråd med framlegget. Dette gjeld både fordeling av ansvar, oppgåver og godtgjersle innanfor gjeldande rammer i planen. Nytt hovudstyre, i samarbeid med gruppeleiarane, utarbeider framlegg til ny handlingsplan (organisasjonsplan) som vert lagt fram for godkjenning på årsmøtet i 2023.»*

I løpet av hausten 2022/vinter 2023 har organisasjonsplanen vore tema, og styret og gruppeleiarane har vore oppmoda om å kome med innspel til endringar. Mellom anna har det vore stilt spørsmål om ein bør revidere det som står om instruksar, ansvar og oppgåver for hovudstyret og om dette bør inkludere gruppene.

Det er ikkje kome konkrete framlegg om endringar innan fristen, utover at ein endrar tittel på planen frå «*Handlingsplan*» til «*Organisasjonsplan*». Det har også vore utfordrande å få på plass medlemmer til styret og særgruppene dei siste åra, slik at det er vanskeleg å meine noko om oppgåver og ansvar når ein ikkje har oversikt over tillitsvalde.

### **Styret si vurdering når det gjeld organisasjonsplan 2023-2026:**

I [lov for Hafslo Idrettslag](#) § 10 (3) nr. 13 går det fram at idrettslaget skal handsame «*organisasjonsplanen til idrettslaget*». Styret vurderer derfor at det er fornuftig å endre tittel frå «*Handlingsplan*» til «*Organisasjonsplan*» frå 2023.

Når det gjeld innhaldet, har det ikkje kome konkrete innspel til endringar innan fristen. Styret vurderer derfor at eksisterande organisasjonsplan vert vedteken på årsmøtet med mindre oppdateringar slik som tittel og årstal. Så ønskjer vi at årsmøtet gir nytt styre mandat til å arbeide vidare med innhaldet i denne saman med særgruppene. Målet må vere at dette er eit levande dokument som skal spegle aktiviteten i idrettslaget. Organisasjonsplanen må uansett handsamast årleg på dei ordinære årsmøta framover, jf. lov for Hafslo Idrettslag § 10 (3) nr. 13. Det er derfor mogleg å gjere ønskja endringar i planperioden.



**Styret si innstilling til vedtak på årsmøtet 27.februar 2023:**

Hafslo IL vedtek ny organisasjonsplan for 2023-2026 slik den vert lagt fram for årsmøtet 27.02.2023. Nytt hovudstyre får mandat av årsmøtet til å gjere tilpassingar i organisasjonsplanen saman med særgruppene ut i frå behov i planperioden. Eventuelle endringar av organisasjonsplanen må skje på ordinære eller ekstraordinære årsmøte i løpet av planperioden.

Når det gjeld ansvar, oppgåver og godtgjersle for styremedlemer og gruppeleiarar for 2023, så får styret mandat til å gjere vedtak innanfor gjeldande budsjetttrammer.

Styret i Hafslo IL 21.02.2023

